



Statens vegvesen



Rindal kommune
Porten til Trollheimen

REGULERINGSPLAN


Fv 65 Hp 01/02

Holte bru - Løfall

Rindal kommune

Saksbehandling etter plan- og bygningslova

Melding om oppstart av planarbeid.....	September 2013
Vedtak om offentlig ettersyn i Formannskapet, sak 002/17.....	18. januar 2017
Offentleg ettersyn.....	27. januar - 10. mars 2017
Revidert etter innkomne merknader.....	21. mars 2017
Vedteke i k.styret i sak 014/17.....	3. mai 2017



INNHALD

Planomtale

Føresegner

Plankart..... Blad 1/2
Blad 2/2

Plan og profil C001
C002

Planomtale til offentlig ettersyn

Fv 65 Hp 01

Holte bru - Løfall
Gang- og sykkelveg

Rindal kommune

FORSIDE

Planomtale offentlig ettersyn

Reguleringsplan fv 65 Holte bru - Løfall, gang- og sykkelveg

FORORD

Statens vegvesen Region midt har i samarbeid med Rindal kommune utarbeidd reguleringsplan for fv 65 Holte bru - Løfall. Planen omfattar fv 65 i ei lengde på omlag 1 300 meter, og legg til rette for å etablere gang- og sykkelveg på strekninga.

Reguleringsplanen skal vise tiltaket og bruk av dei areala som blir nytta. Reguleringsplan er nødvendig rettsgrunnlag for gjennomføring av tiltak og utbygging, og ved eventuell ekspropriasjon av grunn.

Prosjektgruppa i Statens vegvesen har utanom ein prosjektleiar bestått av personer med følgjande fagansvar: vegplanlegging, geoteknikk, utbygging, drift/vedlikehald og grunnerverv. Frå Rindal kommune har Sivert Dombu vore med frå administrasjonen i kommunen.

Oppstart av planarbeidet blei meldt i september 2013. Det blei samtidig sendt brev med varsel om oppstart til grunneigarar, organisasjonar og offentlege etatar. Det blei gjennomført open kontordag 1. september 2016.

Etter vedtak i Rindal kommune ved formannskapet 18.01.2017, sak 002/17, låg planforslaget ute til offentlig ettersyn i 6 veker, med frist for merknader til 10.03.2017. Det gjennomført open kontordag 2. mars 2017. Det kom inn i alt 8 merknader til planen. Merknadene er oppsummert og vurdert i kapittel 8.2.

Rindal kommune og Statens vegvesen har vurdert merknadene, og det gjort nokre mindre justeringar av planen.

Kommunestyret i Rindal kommune vedtok planen 03.05.2017, sak 014/17. Partar eller andre med rettsleg klageinteresse kan klage på kommunestyret sitt vedtak innan tre veker. Om kommunen held på vedtaket avgjer Fylkesmannen klagen.

Desse kan svare på spørsmål om planen:

Statens vegvesen ved Bjarne Otnes

e-post: bjarne.otnes@vegvesen.no

telefon: 71 27 48 69

Rindal kommune ved Sivert Dombu

e-post: sivert.dombu@rindal.kommune.no

telefon: 957 85 911

Molde 05.05.2017

Plandokumenta omfattar:

Planomtale (dette dokumentet)

Reguleringsføresegner, vedtatt 03.05.2017

Reguleringsplankart, datert 18.11.2016, revidert 21.03.2017


Tekniske teikningar C001 og C002

INNHALD	
FORORD	1
1 Bakgrunn	3
1.1 Planområdet Holte bru - Løfall	3
1.2 Målet med planen	3
1.3 Ikkje krav om konsekvensutgreiing	3
2 Planprosess og medverknad.....	3
3 Planstatus og rammevilkår	4
3.1 Gjeldande plansituasjon	4
3.2 Andre rammer og føringar.....	4
4 SKILDING AV PLANOMRÅDET, EKSISTERANDE FORHOLD	4
4.1 Arealbruk	4
4.2 Kulturminner	4
4.3 Naturmangfald.....	5
4.4 Nærmiljø/Støy	5
4.5 Risiko- og sårbarheit	5
4.6 Grunnforhold.....	6
4.7 Trafikkforhold	6
5 OMTALE AV PLANFORSLAGET	6
5.1 Planlagt arealbruk.....	6
5.2 Arealformål og områdeføreseger i plankartet.	7
5.2.1 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur	7
5.2.2 Bygningar og anlegg	8
5.2.3 Landbruk-, natur- og friluftsområde.....	8
5.2.4 Bruk og vern av sjø og vassdrag.....	8
5.2.4 Områdeføreseger	8
6 VERKNADAR AV PLANFORSLAGET.....	8
6.1 Trafikale forhold og trafikktryggleik	8
6.2 Byggegrenser	8
6.3 Landskapsbilde/køyreoppleving.....	8
6.4 Kulturmiljø og kulturminner	8
6.5 Naturmangfald.....	8
6.6 Nærmiljø/støy.....	9
6.7 Naturressursar	9
6.8 Barn og unge sine interesser.....	9
6.9 Universell utforming	10
6.10 Teknisk infrastruktur.....	10
6.11 Massehandtering	10
6.12 Risiko- og sårbarheit (ROS)	10
6.12.1 Sjekkliste	10
6.12.2 Geotekniske forhold.....	11
6.12.3 Risikovurdering grunnvatn.....	11
6.13 Økonomiske verknader for kommunen.....	11
6.14 Samla avveging av verknader.....	11
7 GJENNOMFØRING AV GODKJENT REGULERINGSPLAN.....	11
7.1 Gjennomføring	11
7.2 Grunnerverv	11
7.3 Ytre miljøplan (YM) for byggefasen	11
8 INNKOMNE MERKNADER.....	11
8.1 Innspel til planarbeidet ved oppstart.....	11
8.2 Merknader til planen ved offentlig ettersyn.....	12

1 Bakgrunn


1.1 Planområdet Holte bru - Løfall.

Planområdet er plassert som vist på oversiktskart i figur 1.1.1.



FIGUR 1.1.1 OVERSIKTSKART MED PLANOMRÅDET MARKERT MED RAUD SIRKEL.

Planområdet dekker ein om lag 1 320 meter lang strekning av fv 65. Avgrensing av planområdet er vist i figur 1.1.2. Planområdet blir skildra meir utfyllande i kapittel 4, 5 og 6.



FIGUR 1.1.2 AVGRENSING AV PLANOMRÅDET

1.2 Målet med planen

Målet med planen er å gi eit formelt grunnlag for å etablere ein gang- og sykkelveg på nordsida av fylkesveg 65. Vegen har ein del randbusefnad og forholda for mjuke trafikantar er dårleg. Det er også 9 enkeltavkøyrslar, to fellesavkøyrslar og eit par kryss på strekninga. Siktemålet med planen er å legge betre til rette for gåande og syklande, og sanere og utbetre avkøyrslar og kryss. Dette vil minske risikoen for ulukker langs vegen.

1.3 Ikkje krav om konsekvensutgreiing

Forskrift om konsekvensutredningar av 1. januar 2015 gir rammer for å avgjere om ein plan skal innehalde ei konsekvensutgreiing. Tiltaket er så lite at det ikkje automatisk utløyer krav om konsekvensutgreiing. Planar for veganlegg skal uansett storleik også vurderast opp mot eit sett vilkår i vedlegg III til forskrifta. Planen rører ikkje ved nokon av desse vilkåra. Det er difor ikkje krav om konsekvensutgreiing for reguleringsplanen for fv 65 Holte bru - Løfall.

2 Planprosess og medverknad


Planprosessen og opplegg for medverknad rettar seg etter reglane i plan- og bygningslova kapittel 5 og 12. Oppstart av planarbeidet blei meldt i september 2013. Det kom inn totalt 3 innspel til planarbeidet. Desse er omtalt og vurdert i kapittel 8. Det vart gjennomført open kontordag 1 september 2016.

Etter vedtak i Rindal kommune ved formannskapet 18.01.2017, sak 002/17, låg planforslaget ute til offentlig ettersyn i 6 veker, med frist for merknader til 10.03.2017. Det vart gjennomført open kontordag 2. mars 2017. Det kom inn i alt 8 merknader til planen. Merknadene er oppsummert og vurdert i kapittel 8.2, og det er gjort nokre mindre endringar i planen.

3 Planstatus og rammevilkår


3.1 Gjeldande plansituasjon

I gjeldande kommuneplan er området nord for fylkesveg 65 i hovudsak vist som landbruk-, natur- og friluftsområde (LNF). Området aust mot Holte bru er sett av til bustadareal og næringsformål. Sør for fylkesvegen er areala sett av til LNF. Utsnitt av gjeldande kommuneplan er vist i figur 3.1.1



FIGUR 3.1.1 UTSNITT AV GJELDANDE KOMMUNEPLAN (Kjelde: Rindal kommune)

Området er for det meste ikkje regulert, med unntak av området nærast Holte bru. Reguleringsplan Løfall 2, plan-ID 19850001, vedtatt 22.04.1985. Områda langs vegen er der sett av til næringsformål, jf. figur 3.1.2. Bustadområdet like vest for den fargelagte delen av plankartet i figur 3.1.2 vart regulert som Løfall 1 på 1970-tallet, men noko særskilt plankart for Løfall 1 er ikkje tilgjengeleg hos kommunen.



FIGUR 3.1.2 GJELDANDE REGULERINGSPLANAR I PLANOMRÅDET (Kjelde: Rindal kommune)

3.2 Andre rammer og føringar


Følgjande rundskriv og retningslinjer er relevante for planarbeidet:

- Rundskriv T – 2/08: Om barn og planlegging.
- Rundskriv T-5/99 B: Tilgjengelighet for alle.
- Temarettleiari: Universell utforming og planlegging etter plan- og bygningsloven.
- T-1442: Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegginga.

4 SKILDRING AV PLANOMRÅDET, EKSISTERANDE FORHOLD

4.1 Arealbruk


Planområdet går frå Holte bru og 1 300 meter vestover til og med fellesavkøyrsla til gards- og bruksnummer (gbrnr) 58/35, 58/71 og 58/97. Arealet g/s-vegen vil gå gjennom er i dag for det meste landbruksareal, med spreidde bustader langs vegen, og eit mindre bustadfelt og næringsareal nær Holte bru.



FIGUR 4.1.1 FLYFOTO FRÅ OMRÅDET (Kjelde: finn.no)

4.2 Kulturminner


Det er nokre SEFRAK-registrerte bygg på strekninga, jf. kartutsnitt i figur 4.2.1. Det er elles ikkje kjende kulturminne i området. Området er kartlagt av arkeologar, men det vart ikkje gjort funn.



FIGUR 4.2.1 SEFRAK-REGISTRERTE BYGG I OMRÅDET (Kjelde: gislink.no)

4.3 Naturmangfold

I Naturbase er det registrert ein lokalitet av naturtypen *Artsrik vegkant* ved gbnr. 58/15 og 58/21. Lokaliteten inneheld ingen sjeldne artar, og har lokal verdi (C). Hagelupin har vore bekjempa på lokaliteten i 2015 og 2016.




FIGUR 6.5.1 REGISTRERT NATURTYPELOKALITET I PLANOMRÅDET.

Av relevante observasjonar i Artskart må nemnast storspove og vipe. Artane har truleg tilhald og hekkar i kulturlandskapet i området. Den svartelista arten hagelupin er registrerte fleire stader langs fylkesvegen. Sør om fylkesvegen ligg Surna, som er eit nasjonalt laksevasdrag.

4.4 Nærmiljø/Støy


Støyvarselkart for Rindal kommune viser at enkelte bustader har raud støysone heilt inn til husa. Årsdøgntrafikken (ÅDT) er på 1 580 med 13 % lange køyretøy. Støytilhøva er nærare omtala i avsnitt 6.6.



FIGUR 4.4.1 STØYVARSELKART HOLTE BRU - LØFALL (Kjelde: vegvesen.no)


4.5 Risiko- og sårbarheit

Rindal kommune har sin hovudvasskjelde ved Løfall. Tre grunnvassbrønner er sett ned ved Surna, og det er fastsett sikringssoner for å sikre mot forureining og andre hendingar som kan skade vasskjelda. Det meste av austenden ligg innanfor sikringszone 1, der det for utbygginga sin del er restriksjonar på lagring av større mengder drivstoff og kjemikalier. Ved Løfall ligg delar av planområdet innanfor sikringszone 2, der det er restriksjonar på m.a. terrengingrep og lagring av drivstoff og kjemikalier.



FIGUR 4.5.1 UTSNITT AV KLAUSULERINGSKART (Kjelde: Rindal kommune)

Delar av planområdet er omfatta av NVE sine aktsemdssoner for flaum langs Surna, jf. figur 4.5.2. Det er ikkje aktsemdssoner for skred i området. Grunnforhølda er omtala i avsnitt 4.6.



Figur 4.5.2 AKTSEMDSSENER FOR FLAUM LANGS SURNA (Kjelde: nve.no)

4.6 Grunnforhold

Kvartærgeologisk kart viser at det er morenemateriale og elveavsetningar i området. Grunnundersøkingar viser at lausmassane består av svært faste morenemassar av sand, grus og noko silt. Frå ca. profil 800 til 1300 består dei øvste 1-2 meterane av organisk materiale over fast sandig, siltig, grusig materiale.

Berggrunnskart frå NGI viser at berggrunnen i området består av fyllitt. Dette er ein laus bergart, og det kan difor vere vanskeleg å tolke overgangen mellom fast morene og berg. Ved Holte bru er berget tolka til å ligge 11 meter under terreng. Frå profil 1000 til 1300 er det grunnare til berg (ca. 4 meter).

4.7 Trafikkforhold

Vegen har ei breidde på om lag 6,0 - 6,5 meter, og smale skuldrar. Årsdøgntrafikken (ÅDT) er på 1 580 med 13 % tunge køyretøy. I perioden 2005-2014 er det registrert ei ulukke med lettare skade på strekninga.


5 OMTALE AV PLANFORSLAGET

5.1 Planlagt arealbruk

Reguleringsplanen legg til rette for å etablere ein 3,5 meter brei gang- og sykkelveg (inkl. skulder) frå like vest for Holte bru og om lag 1 300 meter vestover til Løfall. Det er i hovudsak planlagt 3 meter grøft mellom fylkesvegen og gang- og sykkelvegen. Husa som i dag har direkte tilkomst frå fylkesvegen (58/43, 58/53 og 58/31) får stengt sine avkøyrslar, og det er føresett tilkomst til Torvmyrvegen i bakkant.

Ved husa på gbnr 58/22 aust for krysset med Liagrendvegen er det så trangt at det er planlagt rekkverk mot vegen og mur mot eigedomen. Busshaldeplassen sør for krysset blir flytta vel 100 meter austover mot Bruholt og utvida til gjeldande standard. Haldeplassen vest for krysset blir også oppgradert og utvida i vestleg retning. Forbi

58/15, 58/21 og 58/18 er det igjen så trangt at det er nødvendig med rekkverk mot vegen og mur mot eigedomane. Figur 5.1.1 viser eit utsnitt av 3D-modellen frå dette området.



FIGUR 5.1.1 UTSNITT AV 3D-MODELL AUST OG VEST FOR LIAGRENDKRYSET



FIGUR 5.1.2 UTSNITT AV 3D-MODELL VED LØFALL



Ved 58/11 (Røde kors-huset) er arealet mellom fylkesvegen og gang- og sykkelvegen vist som 3 meter grøft. Gang- og sykkelvegen er opna for kjøring mellom avkjørslene både vest og aust for 58/11.

Krysset med Løfallivegen blir flytta 25- 30 meter lenger vest, og får betre stigning og utforming. Avkjørsla til 58/40 blir stengt, og tilkomsten blir langs g/s-vegen aust til krysset med Løfallivegen. Ved 58/39, 58/29, 58/16 og 58/19 er det så trangt at det er nødvendig å legge g/s-vegen nord for husrekka. Dette legg også til rette for å stenge enkeltavkjørslene til fylkesvegen og gi eigedomane tilkomst langs g/s-vegen. Fellesavkjørsla til 58/97, 17, 35 og 71 blir stengt og ført inn på den kørbare g/s-vegen til ny fellesavkjørsl mellom 58/40 og 58/39. Dette er nødvendig for å oppnå tilfredstillande utforming av avkjørsla. Det legg også til rette for låg nok stigning av g/s-vegen ned til busshaldeplassen. Busshaldeplassen blir flytta vel 50 meter mot vest. Figur 5.1.2 viser eit utsnitt av 3D-modellen frå dette området.

Nærings- og bustadareala vest for Holte bru stadfestar gjeldande arealbruk i kommuneplan og reguleringsplan. Bustader langs vegen er elles vist som landbruk-, natur- og friluftsområde (LNF) i samsvar med gjeldande kommuneplan.

5.2 Arealformål og områdeføresegner i plankartet.

Nedanfor følgjer ein gjennomgang av dei enkelte arealformåla.



FIGUR 5.2.1 NEDFOTOGRAFERT PLANKART

5.2.1 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur

Køyrevegar, SKV

Omfattar offentleg veg , felles privat veg og privat køyreveg . På plankartet og i reguleringsføresegnene er det skilt mellom offentleg og annan køyreveg. Offentleg veg omfattar statleg og kommunal veg. Annan veg gjeld privat veg og felles privat veg.

Avkjørslar frå offentleg veg er regulert som del av formålet med eigarform offentlig. Vedlikehaldsansvaret ligg likevel på brukaren, jf. § 9 i «Forskrift om alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørslar fra offentlig veg.»

Gang- og sykkelveg, SGS

Omfattar offentleg gang- og sykkelveg.

Gang- og sykkelveg, SKF

Omfattar offentleg kørbare gang- og sykkelveg.

Kollektivhaldeplass, SKH

Omfattar haldeplasser for buss.

Gangareal, SGG

Omfattar gangareal i tilknytning til kollektivhaldeplass inkludert leskur.

Annan veggrunn – tekniske anlegg, SVT

Omfattar sideareala til vegen. Areal kan nyttast til skjering, fylling, grøft, siktzone og rekkverk. På plankartet og i reguleringsføresegnene er det på same måte som for vegar skilt mellom offentleg og anna (privat) areal.

5.2.2 Bygningar og anlegg**Bustadbygg - frittliggande småhus, BFS**

Omfattar bustadareal langs gang- og sykkelveg. Dette gjeld areal som er omfatta av reguleringsplan for Løfall 1.

5.2.3 Landbruk-, natur- og friluftsområde**Landbruksformål, LL**

Omfattar areal avsett til landbruksformål. Omfattar også eksisterande spreidd busetnad innanfor LNF-område i samsvar med gjeldande kommuneplan.

5.2.4 Bruk og vern av sjø og vassdrag**Naturområde i sjø og vassdrag**

Omfattar to mindre bekkar.

5.2.4 Områdeføresegner**Mellombels anleggs- og riggområde, #**

Omfattar alt areal som kan nyttast til mellombels anleggsbelte, massedeponi og rigg, med tilhøyrande føresegner om bruk, utforming og istandsetting. Dette er areal som er naudsynt for å gjennomføre utbygginga, men som ikkje inngår i det ferdige anlegget. Arealet blir tilbakeført i samsvar med underliggende arealformål.

6 VERKNADAR AV PLANFORSLAGET**6.1 Trafikale forhold og trafikktryggleik**

Etablering av gang- og sykkelveg vil gi betre trafikktryggleik for trafikantar og mjuke trafikantar på strekninga. Seks enkeltavkøyrslar blir sanert. Busshaldeplassane blir også flytta og justert for å gi betre sikt og kryssingsforhold. Det er gjennomført ein trafikktryggleiksrevisjon (TS-revisjon) som del av planarbeidet.

6.2 Byggegrenser

Byggegrense langs offentleg veg følgjer av veglova § 29, andre ledd, der ikkje anna er vist i plankartet, eller er fastsett i tilgrensande reguleringsplanar.

6.3 Landskapsbilde/køyreoppleving

Tiltaka i planen vil ikkje ha vesentlege verknader for landskapsbildet eller køyreopplevinga på strekninga.

6.4 Kulturmiljø og kulturminner

Planen får ikkje verknad for kulturmiljø eller kulturminner, jf. avsnitt 4.2. Dersom det i samband med utbygginga blir oppdaga automatisk freda kulturminne, skal arbeidet stanse så langt det gjeld kulturminnet og sikringssona på 5 meter. Funn skal straks meldast til Møre og Romsdal fylkeskommune, kulturavdelinga, jf. § 8, 2. ledd i lov om kulturminner.

6.5 Naturmangfald

Den artsrike vegkanten av lokal verdi vest for Løfallkrysset vil bli fjerna som følge av utbygginga. Rindal kommune har to artsrike vegkantar, begge av lokal verdi. Den andre lokaliteten er Trøahaugen langs fv. 341 i Romundstadbygda. I tillegg er det i Lomunddalen registrert fire lokalt viktige lokalitetar av det som i praksis er same naturtype, men er klassifisert som *Engpreget erstatningsbiotop*. I Møre og Romsdal er det elles registrert totalt 30 artsrike vegkantar, 4 svært viktige (A), 19 viktige (B) og 7 lokalt viktige (C).

Skal det byggast gang- og sykkelveg på strekninga er det ikkje mogleg å berge lokaliteten. Lokaliteten er «forureina» med hagelupin, og det er ikkje vurdert som forsvarleg å ta vare på toppjorda for å tilrettelegge tilsvarande lokalitetar andre stader i anlegget.

Det er registrert storspove og vipe i området, jf. avsnitt 4.3. Vi veit ikkje om areala som blir bygd ut har spesiell verdi, men planområdet utgjer ein svært liten del av eit stort, samanhengande kulturlandskapsområde med tilsvarande kvalitetar. Tiltaket vil ikkje ha vesentleg innverknad på det samla hekke- og leveområdet for desse artane, og vi ventar ikkje at førekomsten av artane vil bli merkbart påverka lokalt eller regionalt (naturmangfaldlova (nml) § 10).

Tiltaket vil ikkje vere ein vesentleg trussel mot tilhøva for laks og aure i Surna. Eventuell partikkelavrenning frå anlegget vil ikkje ha eit omfang som går ut over kva som elles er vanleg i området som følge av naturlege geologiske prosessar og landbruksdrift, og blir vurdert til å ligge innanfor toleevna til vassdraget. Av omsyn til grunnvassuttaket vil det også bli sett inn særlege sikringstiltak mot forureining, jf. omtale i avsnitt 6.11. Dette vil bidra til å sikre også dei biologiske verdiane i Surna (nml §§ 11 og 12).

Sett opp i mot omfanget av tiltaket og risikoen for skade på naturmangfald, vurderer vi kunnskapsgrunnlaget om naturverdiar og verknader på naturverdiane som tilstrekkeleg (nml § 8). Førre var-prinsippet (nml § 9) får etter vår vurdering ikkje vekt.

Framande og uønska artar (nml § 28)

I naturmangfaldlova kapittel IV, Fremmede organismer, § 28 (krav til aktsomhet) står det mellom anna at:

«Den som setter i verk virksomhet eller tiltak som kan medføre spredning eller utslipp av levende eller levedyktige organismer til stader der de ikke forekommer naturlig, skal i rimelig utstrekning treffe tiltak for å hindre dette.»

Før anleggsstart skal framande og uønska artar kartleggast, jf. Artsdatabanken rapport «*Fremmede arter i Norge – med norsk svarteliste 2012*» (ev. seinare revisjonar). Ved funn skal førekomstane bli fjerna, og det skal gjennomførast tiltak som hindrar spreiding med plantemateriale, lausmassar, utstyr eller anna.

6.6 Nærmiljø/støy

Asplan Viak har utarbeidd ein støyrapport, sjå vedlegg (Asplan Viak oppdrag 530313-02: Reguleringsplan fv. 65 Holte bru-Løfall - støy). Hovudkonklusjonane er tatt inn nedanfor.

Uendra fartsgrense 60 km/t

Støyrapporten viser at bygging av gang- og sykkelvegen i seg sjølv ikkje endrar støytilhøva vesentleg, jf. avsnitt 3.2 og støysonekart X001 og X002 i rapporten. Ingen støykjenslege bygningar ligg i raud sone, og utbygginga utløys ikkje krav om støytiltak, jf. oppsummering av støyretningslinja T-1442 i kapittel 2.2 i støyrapporten.

Ny fartsgrense 80 km/t


Utbygginga av gang- og sykkelvegen stenger fleire avkøyrslar, og strekninga blir vesentleg meir trafiksikker. Grunnlaget for at fartsgrensa er sett ned til 60 km/t blir med det vesentleg endra, og eit resultat av prosjektet kan vere at farten blir sett opp til 80 km/t. Det vil i så fall ha stor innverknad på støytilhøva langs vegen.

Støysonekart X004 (vist i figur 6.6.1) viser at 4 heilårs bustader då blir liggande i raud sone, og 12 bustadhus (kvalitetssikre mot endeleg støyrapport) blir liggande i gul sone med ein auke på meir enn 3 dB. I tillegg ligg 2 eldre bustadhus brukt som fritidshus i raud sone.

Asplan Viak har vurdert skjermingstiltak for dei støyutsette bygningane. Tilrådde tiltak er vist i tabell 9 og 10 i støyrapporten. Asplan Viak tilrår i tabell 9 to støyskjermar på strekninga, mellom profil 80 til 245 og 1080 til 1170, jf. profilering i C-teikninga som ligg ved planen. Skjermene er også vist i plankartet. Verknaden av støyskjermane er vist i støysonekart X006 i støyrapporten.

For mange eigedomar gir ikkje støyskjermer langs gang- og sykkelvegen tilstrekkeleg verknad, særleg for fasade over bakkenivå (4 m), jf. punktberkningane i kart X007 i rapporten. For desse eigedomane er tilrådd lokal skjerming av uteplass. Det er også tilrådd lokal skjerm der skjerm langs gang- og sykkelvegen blir for lang sett i forhold til nytten. For heilårsbustader i raud sone er det i tillegg tilrådd fasadetiltak for å oppnå tilfredstillande nivå innandørs. Lokal skjerming og fasadetiltak blir prosjektert i byggeplan i samråd med grunneigar, og blir ikkje vist i reguleringsplanen. Tabell 10 viser eigedomane som vil få tilbod om lokal skjerming og ev. fasadetiltak dersom fartsgrensa blir sett opp til 80 km/t.

I føresegnene er det lagt inn krav om gjennomføring av støytiltak dersom farten blir sett opp til 80 km/t. Fartsgrense blir ikkje fastsett i reguleringsplanen, men er eit særskilt vedtak regionvegkontoret gjer etter skiltforskrifta § 26. Kriteria for fastsetting av fartsgrenser går fram av NA-rundskriv nr 2011/7.



FIGUR 6.6.1 STØYSONER MED GANG- OG SYKKELVEG OG FARTSGRENSE 80 KM/T

6.7 Naturressursar

Planen legg samla beslag på rundt 10 dekar med dyrka jord. Alle inngrep går i kanten av teigane, og bidrar i liten grad til driftsulempar ut over arealtapet. Eit unntak kan vere ulemper knytt til bratt terreng ned mot vegen. Enkelte stader misser ein flatare part inn mot fylkesvegen som sikrar mot å skli sidelengs, og kan brukast til å legge frå seg rundballar på ein sikker måte. Lokale terrenntilpassingar kan difor vere nødvendig for å sikre drift heilt inn til skråninga ned mot gang- og sykkelvegen. Dette blir konkretisert nærare som del av grunnforhandlingane og byggeplanlegginga. Driftsavkøyrslar er vist på kartet, og er plassert etter innspel frå grunneigarane på open kontordag. Ikkje alle driftsavkøyrslar kan behaldast, og dette kan gi noko meir køyring på teigane med dei ulempene det gir.

Matjord blir tatt av og lagra for tilbakeføring av dyrka areal i anleggsbeltet, og elles til vekstgrunnlag i grøfter, skråningar og lokale planeringar.

6.8 Barn og unge sine interesser

Planen legg til rette for tryggare ferdsel for mjuke trafikantar. Dette bidrar positivt til barn og unge sine oppvekstvilkår i området.

6.9 Universell utforming

Gang- og sykkelveg og kollektivhaldeplassar blir utforma etter prinsippa om universell utforming i samsvar med krav i handbok N100 *Veg og gateutforming*.

6.10 Teknisk infrastruktur

Kommunale og private vass- og avløpsanlegg, og el- og telekabler, vil bli vurdert i detalj i byggeplanlegginga. Det er så langt ikkje avdekka særskilte utfordringar knytt til teknisk infrastruktur.

6.11 Massehandtering

Det blir eit masseoverskot på prosjektet. Ein del masse kan gjenbrukast i anlegget, spesielt terrengtilpassing ved busshaldeplassane, og elles som vekstgrunnlag i grøfter og skrånningar og noko til lokale planeringar. Resterande masse må deponerast, t.d. i nærliggande massetak, eller til oppfylling/oppdyrking for landbruksformål.

6.12 Risiko- og sårbarheit (ROS)

6.12.1 Sjekkliste

Vi har gått gjennom Fylkesmannen si sjekkliste for vurdering av risiko og sårbarheit i arealplanlegginga, og kommentert punkt med mogleg risiko i tabellen. Konklusjonen er at det ikkje er knytt uakseptabel risiko til tema som inngår i sjekklista.

Emne		Er det knytt risiko til følgjande forhold?	Nei	Ja
Naturgitte forhold	a	Er området utsett for snø-, jord-, steinskred eller større fjellskred?	X	
	b	Er det fare for flodbølger som følgje av fjellskred i vatn/sjø?	X	
	c	Er det fare for utgliding av området (ustabile grunnforhold)? <i>Sjå omtale i avsnitt 6.12.2 nedanfor.</i>	X	
	d	Er området utsett for flaum eller flaumskred, også når ein tek omsyn til auka nedbør som følgje av moglege av klimaendringar? <i>Vurdering: Delar av området er innanfor NVE sine aktsemdssonar for flaum. Tiltaket endrar ikkje flaumtilhøva i området, og er ikkje i seg sjølv sårbart for flaum. Særskilt flaumvurdering er ikkje nødvendig.</i>	X	
	e	Er skogbrann/lyngbrann i området til fare for bustader/hus?	X	
	F	Er området sårbart for ekstremvær/stormflo medrekna ei ev. havnivåstigning som følgje av endra klima?	X	
	g	Treng det takast særskilte omsyn til radon?	X	
	i	Anna (Spesifiser)?	X	
	Omgivnad	a	Er det regulerte vassmagasin med spesiell fare for usikker is i nærleiken?	X
b		Er det terrengformasjonar som utgjør spesiell fare (stup etc.)?	X	

	c	Vil tiltaket (utbygging/drenering) kunne føre til overfløyming i lågare- liggande område?	X	
	d	Anna(spesifiser)?	X	
Verksemds- risiko	a	Omfattar tiltaket spesielt farlege anlegg?	X	
	b	Vil utilsikta/ukontrollerte hendingar i nærliggande verksemdar (industriføretak etc.), utgjere ein risiko?	X	
Brann/ulykke- beredskap	a	Har området tilstrekkelig sløkkjevassforsyning (mengde og trykk)?		X
	b	Har området gode tilkomstutrykkingskjøretøy?		X
Infrastruktur	a	Er det kjende ulukkepunkt på transportnettet i området?	X	
	b	Vil utilsikta/ukontrollerte hendingar som kan inntreffe på nærliggande transportårer inkl. sjø- og luftfart utgjere ein risiko for området?	X	
	c	Er det transport av farleg gods til/gjennom området? <i>Tiltaket reduserer ulukkerisikoen på strekninga.</i>		X
Kraftforsyning	a	Er området påverka av magnetfelt frå høgspenningslinjer?	X	
	b	Er det spesiell klatrefare i høgspenningsmaster?	X	
	c	Vil tiltaket endre (styrke/svekke) forsyningstryggleiken i området?	X	
Vassforsyning	a	Er det tilstrekkeleg vassforsyning i området?		X
	b	Ligg tiltaket i eller nær nedslagsfeltet for drikkevatt, og kan dette utgjere ein risiko for vassforsyninga? <i>Merknad: Det er gjort ei særskilt vurdering av risiko knytt til utbygging av g/s-vegen, sjå samandrag i avsnitt 6.12.3, og vedlegg.</i>	X	
Sårbare objekt	a	Medfører bortfall av følgjande tenester spesielle ulemper for området: - elektrisitet? - teletenester? - vassforsyning? - renovasjon/spillvatn?	X	
	b	Er det spesielle brannobjekt i området?	X	
	c	Er det omsorgs- eller oppvekstinstitusjonar i området?	X	
Er området påverka/ forureina frå tidlegare bruk	a	Gruver: opne sjakter, steintippar etc.?	X	
	b	Militære anlegg: fjellanlegg, piggrådsperringar etc.?	X	
	c	Industriverksemd som t.d. avfallsdeponering?	X	
	d	Anna (spesifiser)?	X	
Ulovleg verksemd	a	Er tiltaket i seg sjølv eit sabotasje-/terrormål?	X	
	b	Finst det potensielle sabotasje-/terrormål i nærleiken?	X	

Sjekklista er gjennomgått den 6/12 – 2016 av *sign: Bjarne Otnes, Statens vegvesen Region midt*

6.12.2 Geotekniske forhold

Det er gode grunnforhold langs heile veglinja. Prosjektet er klassifisert som ein konvensjonell konstruksjon utan unormal risiko, og er plassert i geoteknisk kategori 1.

6.12.3 Risikovurdering grunnvatn

Det er svært viktig at utbygginga ikkje skadar grunnvasskjelda i området rundt elva Surna, som er hovudkjelda til Rindal vassverk. Det er utarbeidd ei eiga risikovurdering av tiltaket sin verknad på grunnvatnet i området, sjå vedlegg. Risikovurderinga er førebels, og vil bli oppdatert når datagrunnlaget frå nedsette poretrykksmålarar er betre. I vinter vil vi mest truleg få registrert lite vatn frå målarane, men vi ventar at ein eventuell vårflaum vil kunne gi oss data for korleis massane reagerer ved kraftigare vassføring. Ei endeleg risikovurdering vil komme i etterkant av dette. Risikovurderinga vil ligge til grunn for søknad til Rindal kommune om løyve til terrenginngrep nærare grunnvatnet enn 3 meter, jf. føresegnene for sikringssone II.

Førebels konklusjon er at det er lite sannsynleg at inngrep i samband med ny gang- og sykkelveg vil ha nokon effekt på grunnvasskjeldene. Desse blir mest truleg først og fremst mata av Surna og sandlag nær elva. Forureining i form av oljelekkasje frå anleggsmaskiner under bygging ser vi som den største faren for grunnvasskjeldene. Det vil difor vere ekstra fokus på dette under anlegg, og eventuelle lekkasjar må takast hand om umiddelbart. Riggområdet i planen ligg utanfor sikringssonene, men ligg nær Surna, som i seg sjølv er sårbar for akutt forureining. Før oppstart av byggearbeida vil Statens vegvesen informere entreprenøren om kor viktig det er å unngå uhell og akutt forureining. Saman med entreprenøren vil det bli laga ein plan for å hindre utslepp, og tiltak for å avgrense eventuelle uhell og for å fjerne massar som kan ha blitt forureina.

6.13 Økonomiske verknader for kommunen

Planen vil ikkje ha økonomiske verknader for Rindal kommune.

6.14 Samla avveging av verknader

Gjennomgangen ovanfor viser at planen ikkje gir vesentlege negative verknader. Heldt opp i mot dei positive verknadene på trafikktryggleik på strekninga, er det Statens vegvesen si vurdering at tiltaket bør gjennomførast som fastsett i planen.

7 GJENNOMFØRING AV GODKJENT REGULERINGSPLAN

7.1 Gjennomføring

Anleggstart er planlagt i 2017 eller 2018.

7.2 Grunnerverv

Vedtatt reguleringsplan dannar grunnlag for grunnerverv. Dersom ein ikkje får frivillige avtaler med grunneigarar så vil ein vedtatt plan være grunnlag for ekspropriasjon av grunn og rettigheter. Normalt vil grunnervervet følgje formålsgrensene, slik at offentlege trafikkområde blir offentleg eigedom.

7.3 Ytre miljøplan (YM) for byggefasen

Ein Ytre miljøplan (YM-plan) skal skildre prosjektet sine utfordringar knytt til ytre miljø og utbyggar skal handtere desse. YM-planen er i hovudsak eit dokument for byggherren som skal ta i vare miljøkrav i lov og forskrift.

Særlege miljøutfordringar som YM-planen må svare ut er:

- Sikre mot forureining av grunnvasskjelda, jf. avsnitt 6.12.3.
- Handtering av framande og uønska artar, jf. avsnitt 6.5.

8 INNKOMNE MERKNADER

8.1 Innspel til planarbeidet ved oppstart

Det er komme 3 innspel til planarbeidet.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, brev 07.11.2013:

Fylkesmannen har ikkje innspel til planarbeidet.

Vår vurdering:

Tatt til vitande.

Møre og Romsdal fylkeskommune, brev 18.10.2013

Fylkeskommunen stiller krav om arkeologisk registrering, og orienterer om SEFRASK-registrerte bygningar i området. Vegvesenet blir bedt om vurdere om det er grunnlag for å oppgradere kollektivhaldeplassane i området innanfor ramma til prosjektet.

Vår vurdering:

Det er gjennomført arkeologiske registreringar utan funn. Tiltaka i planen påverkar ikkje SEFRASK-bygga direkte, og det er gjort det som er mogleg for å unngå uheldige inngrep nær bygga. Haldeplassar innanfor planområdet er utforma i samsvar med nye krav, og vil bli oppgradert som del av prosjektet.

Magnhild Bakk, e-post 21.10.2013 (gbnr 58/22):

Syrinhekk mot vegen har stor verdi for skjerming og støy. Dersom syrinhekken må fjernast ber Magnhild Bakk om at det blir gjort støymålingar og ev. sett opp ein støyskjerm.

Vår vurdering:

Det er gjort støyanalysar, og dei er drøfta i avsnitt 6.6. For Magnhild Bakk sin eigedom viser analysen at det ikkje er behov for støytiltak dersom fartsgrensa ikkje blir endra. Hekk har ikkje støydempende verknad. Dersom hekken må fjernast blir det gitt erstatning for denne. Blir fartsgrensa sett opp til 80 km/t er det krav om støytiltak, og det vil i så fall bli gitt tilbod om lokal skjerming av uteplass og fasadetiltak.

8.2 Merknader til planen ved offentlig ettersyn

Det er komme 8 merknader til planforslaget.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, brev 28.02.2017:

Fylkesmannen har ikkje vesentlege merknader til planframlegget, men peiker på at delar av planområdet ligg innanfor eit område som er utsett for flaum, og at tryggleikskrava i teknisk forskrift (TEK10) kan oppfyllest ved at tiltaket blir dimensjonert for å tole belastningane ved ein eventuell flaum.

Vår vurdering:

Tatt til vitande. Vi er kjent med at delar av planområdet er innanfor aktsemdsone for flaum.

Møre og Romsdal fylkeskommune, brev 06.03.2017:

Fylkeskommunen har ikkje merknader til at planen blir eigengodkjent.

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE), brev 15.02.2017:

1. NVE føreset at ein ved kryssing av vassdrag tar høgde for 200-års flaum med klimapåslag, og at forholdet til bevaring og reetablering av kantskog blir tatt i vare.
2. Forholdet til massedeponi burde inngått som ein naturleg del av planforslaget.

Vår vurdering:

Til 1. Gang- og sykkelvegen kryssar eit par mindre bekkeløp. Kulvertar under gang- og sykkelvegen vil bli dimensjonert med tilstrekkeleg kapasitet.

Til 2. Masseoverskotet i prosjektet er av eit omfang som normalt ikkje krev særskilt tilrettelegging i plan. I byggeplanlegginga finn ein normalt løysingar i samarbeid med gardbrukarar som t.d. skal dyrke opp og treng masser for terrengtilpassing, eller at entreprenøren finn lokale løysingar, som t.d. i nærliggande massetak o.l.

Mattilsynet, e-post 10.03.2017:

Mattilsynet viser til den førebelse risikovurderinga som er gjort, og ser positivt på det forarbeidet som er gjort for å unngå at grunnvasskjelda blir skada.

Vår vurdering:

Tatt til vitande.

Ola Eirik Bolme (58/21), e-post 24.01.2017:

Peiker på at vegkanten nedanfor gbnr. 58/15 og 58/21 er registrert som ein lokalitet av naturtypen Artsrik vegkant med lokal verdi (C). Han har bekjempa hagelupin i lokaliteten i 2015 og 2016.

Vår vurdering:

Denne lokaliteten var diverre ikkje fanga opp av oss i arbeidet med planforslaget. Dette kan skuldast at vi oversåg lokaliteten når vi sjekka Naturbase, eller at lokaliteten vart lagt inn i basen etter vår sjekk (NINA-rapporten er frå juni 2016). Omtale av lokaliteten er no tatt inn i avsnitt 4.3, og vurdering av verknader er tatt inn i avsnitt 6.5.

Kari Nerbu og Birger Løfald (58/39 og 58/29), e-post 09.03.2017:

1. Meiner det ikkje er nødvendig med 2 avkøyrslar til eigedomane, som har same eigar. Tilkomstvegen på 58/29 er i konflikt med veranda, terrasse og hagestue.
2. Peikar på at det berre er i overkant av 4 meter mellom hus og garasjes aust for huset på 58/39. Meiner dette er for lite til å lage tilkomstveg til tomta, og at garasjen må flyttast austover og inn på naboeigedomen. Utbygginga må sikre god nok plass for inn- og utkøyring framfor begge deira garasjar.
3. Ser det som ei ulempe at det blir trafikk på gang- og sykkelvegen, både biltrafikk, og ikkje minst landbruksmaskiner. Dei meiner også vegen tar verdifullt tomteareal, m.a. bjørketre og plass for leikestue. For å redusere ulempene ønskjer dei at gang- og sykkelvegen blir flytta betydeleg lenger nord.

Vår vurdering:

